

# REGIONAL PLAN FOR DOVREFJELLOMråDET

## Kunnskapsgrunnlaget (D)



Foto: Olav Strand



Foto: Ole Einar Butli Haarstad

## **Innhald**

1 Kunnskapsgrunnlaget .....	3
2 Innbyggartal.....	3
3 Sysselsetting .....	6
4 Verdiskaping og økonomisk vekst .....	8
5 Landbruk.....	9
6 Fritidsbustader .....	10
7 Lokaldemokrati og identitet .....	13
8 Forsvaret.....	14
9 Friluftslivet.....	14
10 Kulturminne og kulturmiljø .....	20
11 Biologisk mangfold .....	22
11.1 Villrein.....	24
12 Verna vassdrag .....	31
13 Landskapet .....	31
14 Drift av eksisterande anlegg for kraftproduksjon .....	32
15 Småkraftverk .....	34
16 Uttak av mineral og lausmassar .....	34
17 Samferdsel.....	36
18 Samfunnstryggleik .....	37
Kjelder .....	39

## 1 Kunnskapsgrunnlaget

I kapittelet blir det gjort greie for generelle forhold i planområdet, og for dei tema som planprogrammet seier skal inngå i konsekvensutgreiinga:

- landbruk
- næringsutvikling / lokal økonomi / utbygging
- lokaldemokrati og identitet
- forsvaret
- friluftsliv
- kulturminne
- naturmangfold
- landskap
- drift av eksisterande anlegg for kraftproduksjon
- småkraftverk
- uttak av mineral og lausmassar
- samferdsel
- samfunnstryggleik.

Det blir også gjeve ei omtale av eigne fokusområde som er peikt ut NINA-rapport 800 og Horisont Snøhetta.

## 2 Innbyggartal

I tabell 2 er det gjeve ei oversikt over folketalsutviklinga i dei 10 kommunane i planområdet. Det samla folketalet var i 2001 på 41919, medan i 2014 var redusert til 41387. Det samla folketalet har i perioden gått ned med 532 personar, tilsvarande 1,2 %. For heile landet har folketalet auka med 13,4 % i den same perioden

Auka i folketalet i Oppdal, Tynset og Rauma indikerer ein auka konsentrasjon av folkesetnaden i regionsentra, trass i at den store nedgangen i Sunndal gjer ei slik tolking av statistikken meir usikker. For kommunane i planområdet er den regionale utviklinga at det både skjer ein absolutt og relativ nedgang i folketalet sett i forhold til den samla folketalsauken i landet.

Tabell 2. Folketalet fordelt på kommunane i planområdet ved inngangen til 1. kvartal 2001 og 1. kvartal 2014 (Kjelde: SSB)

	2001	2014	Endring	Endring %
<b>0437 Tynset</b>	5452	5549	+97	1,8
<b>0438 Alvdal</b>	2415	2432	+17	0,7
<b>0439 Folldal</b>	1812	1631	-181	-10
<b>0511 Dovre</b>	2875	2704	-171	-5,9
<b>0512 Lesja</b>	2229	2076	-153	-6,8
<b>1539 Rauma</b>	7422	7453	+31	0,4
<b>1543 Nesset</b>	3259	3001	-258	-7,9
<b>1563 Sunndal</b>	7426	7171	-255	-3,4
<b>1634 Oppdal</b>	6327	6814	+487	7,7
<b>1635 Rennebu</b>	2702	2556	-146	-5,4
<b>Sum</b>	<b>41919</b>	<b>41387</b>	<b>-532</b>	<b>-1,3</b>

I tabell 3 er det gjeve ein regional oversikt over folkesetnaden si fordeling på kjønn og alder for kommunane i planområdet for år 2001 og 2013. Tabellen viser samla sett ei normal fordeling mellom kjønna, men med ei overvekt av menn i aldersgruppa 20-66 år. Delen av folkesetnaden som er over 66 år har gått ned i perioden.

Tabell 3. Folkesetnaden fordelt på kjønn og aldersgrupper, samla for dei 10 kommunane i planområdet i 2001 og 2013. (Kjelde: SSB)

		2001 personar	2013 personar	2001 %	2013 %
<b>Menn</b>	<b>0 år</b>	238	181	0,6	0,4
	<b>1-5 år</b>	1359	1100	3,2	2,7
	<b>6-12 år</b>	2086	1813	5	4,4
	<b>13-15 år</b>	851	827	2	2
	<b>16-19 år</b>	1065	1208	2,5	2,9
	<b>20-44 år</b>	6745	6085	16,1	14,7
	<b>45-66 år</b>	5488	6469	13,1	15,5
	<b>67-79 år</b>	2198	2213	5,2	5,3
	<b>80-89 år</b>	769	835	1,8	2
	<b>90 år eller eldre</b>	91	120	0,2	0,2
Sum	<b>Menn</b>	20890	20851	49,7	50,1
<b>Kvinner</b>	<b>0 år</b>	251	202	0,6	0,5
	<b>1-5 år</b>	1232	1081	2,9	2,6
	<b>6-12 år</b>	1991	1661	4,7	4
	<b>13-15 år</b>	781	802	1,9	1,9
	<b>16-19 år</b>	1006	1072	2,4	2,6
	<b>20-44 år</b>	6358	5683	15,1	13,7
	<b>45-66 år</b>	5192	6050	12,4	14,6
	<b>67-79 år</b>	2648	2425	6,3	5,8
	<b>80-89 år</b>	1346	1316	3,2	3,1
	<b>90 år eller eldre</b>	224	351	0,5	0,8
Sum	<b>Kvinner</b>	21029	20643	50	49,6
Sum	<b>Alle</b>	41919	41494	99,7	99,7

### **3 Sysselsetting**

I tabell 4 er det gjeve ein regional oversikt over sysselsettingstal for dei 10 kommunane i planområdet. Oversikta er sortert på yrkesgruppe og kjønn for høvesvis 2008 og 2012. I 2008 var det 22089 sysselsette mot 21336 i 2012. Talet på sysselsette har gått ned med 753 (3,4 %) på fire år. Alle kommunane i planområdet har hatt nedgang i sysselsettinga i perioden. For heile landet har sysselsettinga auka med 2,5 % i same periode.

I kommunane i planområdet er dei sysselsette fordelt på 53 % menn og 47 % kvinner. Ein finn det same forholdet på landsbasis. Arbeidsmarknaden i planområdet har ei typisk kjønsdeling med overvekt av menn i industri, transport, bergverk og jord- og skogbruk, medan kvinnene dominerer i varehandel, serviceyrke og innanfor helse- og sosialsektoren.

Yrkesgrupper med størst nedgang i perioden er jord- og skogbruk, industri, transport, varehandel og serviceyrker. I offentlege verksemder har det i same perioden vore ein auke i sysselsetting.

Utviklinga i sysselsettinga er urovekkande på fleire vis:

- den samla sysselsettinga går ned.
- nedgangen i sysselsettinga ser ut til å komme i private verksemder.
- auken i sysselsettinga i offentlege verksemder gjev ikkje ringverknader/vekst i sysselsettinga i private verksemder.

Tabell 4. Sysselsetting i dei 10 kommunane i planområdet, etter yrkesgruppe og kjønn, 2008 og 2012, 4. kvartal. (Kjelde: SSB)

Yrkesgruppe	Menn 2008	Kvinn 2008	Menn 2012	Kvinn 2012	Sum 2008	Sum 2012
<b>01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske</b>	1638	718	1427	512	2356	1939
<b>05-09 Bergverksdrift og utvinning</b>	202	22	273	21	224	294
<b>10-33 Industri</b>	2525	741	2053	548	3266	2601
<b>35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon</b>	358	57	388	60	415	448
<b>41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet</b>	1950	130	2081	142	2080	2223
<b>45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner</b>	1254	1720	1255	1544	2974	2799
<b>49-53 Transport og lagring</b>	866	235	831	199	1101	1030
<b>55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet</b>	227	618	255	474	845	729
<b>58-63 Informasjon og kommunikasjon</b>	186	62	189	77	248	266
<b>64-66 Finansiering og forsikring</b>	89	128	78	109	217	187
<b>68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift</b>	420	330	410	348	750	758
<b>77-82 Forretningsmessig tjenesteyting</b>	275	332	325	322	607	647
<b>84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring</b>	464	435	534	439	899	973
<b>85 Undervisning</b>	534	1018	512	1050	1552	1562
<b>86-88 Helse- og sosialtjenester</b>	489	3381	504	3671	3870	4175
<b>90-99 Personlig tjenesteyting</b>	193	384	203	367	577	570
<b>00 Uoppgett</b>	34	74	68	67	108	135
<b>Sum</b>	11704	10385	11386	9950	22089	21336

## 4 Verdiskaping og økonomisk vekst

Det er ikkje lagt fram eigen regional statistikk for økonomisk vekst for kommunane i planområdet. Som eit enkelt bilete på den økonomiske utviklinga er det i tabell 5 vist bruttoprodukt fordelt på fylker og for heile landet for åra 2008 og 2011. Dette gjev grunnlag for å gjere visse regionale samanlikningar. T.d. ser ein at Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag sin del av det samla bruttoproduktet har ein liten auke i perioden, medan Hedmark og Oppland har ein liten nedgang. Vidare ser ein at Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag har ein vesentleg høgare vekstrate enn landet sett under eitt, og at Hedmark og Oppland har ein vesentleg lågare vekstrate enn landet sett under eitt.

Veksten er likevel ikkje jamt fordelt innanfor fylka. Ut frå generelle trendar og at talet på sysselsette går ned i alle kommunane i planområdet, er det grunn til å meine at situasjonen for kommunane her er mindre gunstig enn det tabell 5 viser.

Tabell 5. Hovudtal, fylkesfordelt nasjonalregnskap, etter region, tid og statistikkvariabel (Kjelde: SSB)

	2008		2011			
	Bruttoprodukt i basisverdi. Løpende priser (mill. kr)	Del av samla bruttoprodukt %	Bruttoprodukt i basisverdi. Løpende priser (mill. kr)	Del av samla bruttoprodukt %	Endring	Vekst %
<b>01 Østfold</b>	70441	4,2	74097	4	3656	5,2
<b>02 Akershus</b>	178084	10,7	189511	10,2	11427	6,4
<b>03 Oslo</b>	340865	20,4	394733	21,2	53868	15,8
<b>04 Hedmark</b>	48150	2,9	52798	2,8	4648	9,7
<b>05 Oppland</b>	48001	2,9	51571	2,8	3570	7,4
<b>06 Buskerud</b>	76584	4,6	84445	4,5	7861	10,3
<b>07 Vestfold</b>	63374	3,8	67219	3,6	3845	6,1
<b>08 Telemark</b>	50267	3	50942	2,7	675	1,3
<b>09 Aust-Agder</b>	29713	1,8	30556	1,6	843	2,8
<b>10 Vest-Agder</b>	56287	3,4	63194	3,4	6907	12,2
<b>11 Rogaland</b>	169381	10,1	187989	10,1	18608	11
<b>12 Hordaland</b>	171305	10,2	188134	10,1	16829	9,8
<b>14 Sogn og Fjordane</b>	33053	2	37460	2	4407	13,3
<b>15 Møre og Romsdal</b>	83026	5	95954	5,2	12928	15,5
<b>16 Sør-Trøndelag</b>	90900	5,4	104801	5,6	13901	15,3
<b>17 Nord-Trøndelag</b>	31652	1,9	35838	1,9	4186	13,2
<b>18 Nordland</b>	67557	4	74291	4	6734	10
<b>19 Troms Romsa</b>	41766	2,4	50326	2,7	8560	20,5
<b>20 Finnmark</b>						
<b>Finnmárku</b>	18801	1,1	23788	1,3	4987	26,5
<b>21 Svalbard</b>	2921	0,2	1517	0,1	-1404	-48
<b>Sum/snitt</b>	1672128	100	1859164	99,8	187036	11,2

## 5 Landbruk

Landbruk er ei viktig i næring i planområdet. Rundt rekna 9 % av sysselsettinga (1939 sysselsette i 2012) er knytt til jord-, skogbruk og fiske. Fylkesmannen i Oppland har i ein rapport om landbruket i Oppland (2012) lagt til grunn at 5600 sysselsette i landbruket medrekna ringverknader gjev 12000 sysselsette (Landbruks- og matdepartementet – fylkesnytt frå Oppland 2/12), ein faktor på 2,1. Medrekna ringverknader vil ca. 2000 personar (18 %) i kommunane innanfor planområdet ha sysselsetting knytt til landbruket.

Tabell 6 viser jordbruksareal som var i drift i dei 10 kommunane i planområdet i 2010.

Jordbruksarealet (som ligg både innanfor og utanfor planområdet) utgjer 382,5 km<sup>2</sup>. Jordbruksarealet er såleis ein minimumsfaktor for vidare vekst i landbruksnæringa.

Tabell 6. Jordbruksareal i drift i 2010. (Kjelde: SSB)


Kommune	daa
0437 Tynset	60010
0438 Alvdal	29110
0439 Folldal	28830
0511 Dovre	30340
0512 Lesja	42330
1539 Rauma	35880
1543 Nesset	22810
1563 Sunndal	21920
1634 Oppdal	72070
1635 Rennebu	39190
<b>Sum</b>	<b>382490</b>

Like så viktig som jordbruksarealet er utmarksbeitet som ressurs for landbruket i planområdet. I planområdet er det 33 beitelag med 424 beitebrukarar. Vedlegg 1 viser ein oversikt over organisert beitebruk i planområdet for beiteåret 2012. Informasjonen er henta frå Skog og Landskap. I tabell 7 er det vist nokre hovudtal.

Tabell 7. Beitebruk i planområdet. (Kjelde: Skog og landskap)

Sau sleppt	Lam sleppt	Storfe sleppt	Geit sleppt	Sau og lam tapt	Landareal km <sup>2</sup>	Tilgjengeleg areal km <sup>2</sup>	% skog	Sau/km <sup>2</sup>
24502	41680	2134	676	4808	5303,1	4744,0	33,95	17,12

I figur 1 er det vist særtrør som er drift i 2012 (Kjelde: Skog og landskap). Talet på særtrør i drift er 65. Figuren viser at tyngda av sætrene som er i drift ligg i Hedmark, i områda Einunndalen og Savalen. I tidlegare tider har nærmere 1000 særtrør vore i drift i planområdet, då eit søk i matrikkelen på byggetype 171 (seterhus, sel m.m.) gjev 949 treff innanfor planområdet.



**Figur 1.** Sætrer i planområdet. I drift 2012, grøn trekant. (Skog og landskap). Sæterhus (byggtypes 171) svart kvadrat. (Kjelde: geoNorge, matrikkelen)

## 6 Fritidsbustader

Våre bygder og fjellområde er attraktive som område til fritidsbruk og for rekreasjon. Saman med ei god økonomisk utvikling for landet har dette ført til ei omfattande bygging av fritidsbustader (byggtypes 161). I tillegg blir stadig fleire bustad- og våningshus på bygdene teke i bruk som fritidsbustad (høvesvis byggtypes 162 og 163).

I figur 2 er det vist ei eigenskapsanalyse av bygningar innanfor planområdet. Analysa gjev at det er 5453 fritidsbustader i planområdet. Fritidsbustadane ligg spreidd over heile planområdet men med konsentrasjonar langs plangrensa, og på Bjarli-Lesjaskog, Savalen, Grødalen og Eikesdalen.


I figurane 3-5 er det gjort ei eigenskapsanalyse på fritidsbustader (byggtypes 161) med BYGG\_HIST\_DATO etter 01.01.2000, etter 01.01.1990 og etter 01.01.1980. Resultatet av analysa er samanstilt i tabell 8. Resultatet kan ha ei feilkjelde ved at eigenskapen BYGG\_HIST\_DATO kan mangla for ein del kartobjekt. Analysa gjev likevel eit bilet på bygging av fritidsbustader i planområdet som viser ei stadig aukande utbyggingstakt. Analysa viser også at det store volumet av nye hytter er konsentrert til enkelte område som Bjarli, Savalen og Grødalen, og elles i utkanten av planområdet.

**Tabell 8.** Nye fritidsbustader (byggtypes 161) fordelt på 10-årsperiodene 1980-89, 1990-99 og perioden 2000-2012), jf. figurane 3-5. (Kjelde: geoNorge; matrikkelen)


Tiårsperiode	Nye fritidsbustader i planområdet
1980-1989	351
1990-1999	628
2000-2012	1018

Fritidsbustader representere store verdiar. Med eit forsiktig overslag på verdien av kvar hytte sett til kr. 3 mill. vil verdien av fritidsbustadene i planområdet vera 16,4 milliardar kroner. Ei årleg utbygging


av 100 fritidsbustader vil gje ei direkte omsetnad på 300 millionar kroner. Det er likevel ei utfordring å få til lokal verdiskaping og varige arbeidsplassar i tilknyting til hytteområda.




Figur 2. Fritidsbustader (byggtypane 161; 162; 163) i planområdet (n=5453), svarte kvadrat. (Kjelde: geoNorge, matrikkelen)



Figur 3. Fritidsbustader (byggtype 161) i planområdet (n=1018), komme til etter 01.01.2000, svarte kvadrat. (Kjelde: geoNorge, matrikkelen)



Figur 4. Fritidsbustader (byggetype 161) i planområdet (n=1646), komme til etter 1990, svarte kvadrat.  
(Kjelde: geoNorge, matrikkelen)



Figur 5. Fritidsbustader (byggetype 161) i planområdet (n=1997), komme til etter 1980, svarte kvadrat.  
(Kjelde: geoNorge, matrikkelen)

## 7 Lokaldemokrati og identitet

Dei siste tiåra har det som følgje av gjennomføring av mange store verneplanar og regionale planar vorte auka fokus på lokaldemokrati og identitet i fjellbygdene.

Det politiske lokaldemokratiet er forankra i kommunelova frå 1992. Kommunelova frå 1992 seier m.a. noko om kva for politiske styringsorgan og administrasjon som kommunen skal ha. Kommunen sine oppgåver er elles definert i rad med særlover. Det kommunale styresettet går likvel mykje lenger attende i tid enn til 1992, og eit viktig tidsskilje er 1837 då Stortinget fatta vedtak om dei såkalla formannskapslovene.

Kommunane har viktig kunnskapar om området og relevante forvaltingsmessige verkty, og vil vera viktige samarbeidspartar t.d. når det gjeld framtidig forvalting av områda.

Stor delar av fjellområda er anten statsallmenning eller bygdeallmenning, som gjev gardar og innbyggjarar i fjellbygdene rettar til m.a. sæter, beite, jakt og fiske. Statsallmenningane gjev også busette utanfor statsallmenningane visse rettar til jakt og fiske. Dette er immaterielle rettar som går langt attende i tid. Forvalting av desse rettane er regulert i fjellova og bygdeallmenningslova. Rettane i statsallmenningane er forvalta av lokale fjellstyre og Statskog SF som grunneigar. Rettane i bygdeallmenningane er forvalta av lokale allmenningstyrer.

På privat grunn har eigaren retten til jakt, fiske og skogsvyrke. Beiteretten kan vera felles for fleire grunneigarar i eit område.

Sæbjørn Forberg har ein artikkel i tidskriftet Utmark, nr. 2-2002 drøfta spørsmålet om det finst ein eigen «fjellbygidentitet». Forberg tenker på «*den praktisk kulturelle identiteten*» i lokalsamfunna og skriv m.a.: «*Kulturelle identitetar er altså verdiladde og historisk prega kjelder for individuell og kollektiv sjølvfortolking.*» Forberg legg vekt på samanhengen mellom landområde, naturbruk og identitet som eit særdrag ved fjellbygdene, og på tradisjonell forvaltingsetikk og arbeidsetikk i bygdene. Forberg viser til at fjellet var eit «spiskammers». Fjellet kunne også vera overveldande og skremmande med sterke naturkrefter og historier frå folketrua. Men, på same tid ein stad der menneske kunne kjenne fridom i kvardagen.

Forberg viser også til at folk i bygdene er kulturelt prega av den moderne samfunnsutviklinga, som t.d. nye forbruksmønster, kulturelle impulsar og matvanar.

Fjellstyre, allmenningsstyre og grunneigarar har viktig kunnskapar om området, og vil vera viktige samarbeidspartar t.d. når det gjeld framtidig forvalting av områda.

## **8 Forsvaret**

Forsvaret har vore tungt til stades i planområdet. Hjerkinn skytefelt vart etablert før siste verdskrigen, og aktiviteten auka kraftig under den kalde krigen. Stortinget har gjort vedtak om å leggje ned skytefeltet, og det blir no gjort ein stor innsats for å restaurere og tilbakeføre området til naturlandskap. Fylkesmannen i Oppland har varsla oppstart av ein eigen verneplan for dette området.

Elles har Forsvaret anlegg på Snøhetta som vil krevje drift og vedlikehald i framtida.

Heimevernets skole- og kompetansesenter ligg på Dombås. Heimevernet har også ein base med forlegning på Setnesmoen i Rauma kommune. Anlegga ligg utanfor planområdet, men forsvaret kan ha enkelte øvingar innanfor planområdet.

Luftforsvaret nyttar planområdet i utstrakt grad til lågtflyging, og frå lokalt hald er det peika på at dette kan komme til å auke med utbygging av Ørland som luftforsvaret sin hovudbase.

## **9 Friluftslivet**

Den offentlege definisjonen av friluftsliv er «*Opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving*». (Miljøverndepartementet 2013). Friluftslivet har vore gjennom ei rivande utvikling når det gjeld omfang, nye aktivitetar og utstyr. Dette er i stor grad knytt til den generelle velstandsutviklinga og at folk har meir fritid.

Eit viktig vilkår for utviklinga av friluftslivet i Norge er allemannsretten – retten til fri ferdsel. Dette er ein immateriell rett som går langt attende i tid, og har vorte ei viktig føresegn i friluftslova.

Friluftslivet er ei stor og samansett brukarinteresse i planområdet. Ei omtale av friluftslivet kan ha fleire innfallsvinklar:

- type aktivitet
- brukargruppar og ferdsel.
- lokalisering
- organisering
- verdivurdering
  - reisliv
  - folkehelse
  - personleg utvikling, mestring, velvære og kjelde til kunnskap.
- innfallsportar og tilrettelegging
- konfliktar.

Etter m.a. møte i kommunane er det komme fram at det er utøvd mange ulike formar for friluftsliv i planområdet. Nednafor følgjer ei stutt omtale av dei ulike aktivitetane.

### **Fotturar**

Fotturar er den vanlegaste formen for friluftsliv i planområdet, og blir utøvd i heile planområdet. NINA har i Horisont Snøhetta rekna det totale besøket i Dovrefjell\_Sunndalsfjella nasjonalpark til

25.000 – 31.000. Tyngda av denne aktiviteten er knytt til områda Hjerkinn og Kongsvoll, med Snøheim, Snøhetta, Reinheim og Åmotsdalshytta som aktuelle turmål. NINA opplyser at årleg besøk til Snøheim er 10.000.

Vidare er aktiviteten i stor grad knytt til dei merka stigane og hyttene som turistforeiningane elles eig og driftar. I området er det fire turistforeiningar som er aktive:

- Kristiansund og Nordmøre Turistforening (KNT)
- Molde og Romsdals Turistforening (MRT)
- Trondheim Turistforening (TT)
- DNT Oslo og Omegn

Turistforeiningane har viktig kunnskapar om området, og kan vera viktige samarbeidspartar t.d. når det gjeld informasjon og kanalisering av ferdsel.

KNT presenterer sitt tilbod slik:

«*KNTs sørlege (og eldste) rutenett. Tilgjengelig sørfra via Skamsdalen, vestfra fra Bjarli eller Aursjøvegen og østfra fra Hjerkinn/Kongsvoll via DNT OOs Reinheim. Nordfra er området tilgjengelig fra Grøa og Gjøra i Sunndalen. KNTs hytter i området er Åmotdalshytta, Aursjøhytta, Raubergshytta, Grøvdalshytta, Vangshaugen, Gammelsetra i Lindalen og Loennechenbua. Vangshaugen og Aursjøhytta er betjente i sesongen, og har selvbetjente kvarter utenom sommersesongen. Loennechenbua er ubetjent (Norges minste turisthytte) og de resterende er selvbetjente.»*

MRT har 8 hytter innanfor planområdet:

- Brandstadbu (Ubetjent turistforeningshytte; Romsdalen og Eikesdalen) Brandstadbu ligger øverst i den vakre Øksendalen omkranset av høye fjell. ...
- Hoemsbu (Selvbetjent turistforeningshytte; Romsdalen og Eikesdalen) Trivelige Hoemsbu ligger ved Eikesdalsvatnet (22 moh.). ...
- Måsvassbu (Selvbetjent turistforeningshytte; Romsdalen og Eikesdalen) Måsvassbu er en selvbetjent hytte som ligger vakkert til ved foten av Klaava (1512 moh.). ...
- Reinsvassbu (Selvbetjent turistforeningshytte; Romsdalen og Eikesdalen, Dovrefjell) Reinsvassbu er et knutepunkt i DNTs hytte- og rutenett med merka stier til fire hytter. ...
- Skorgedalsbu (Ubetjent turistforeningshytte; Romsdalen og Eikesdalen) Enkel adkomst (ca. 20 minutter å gå fra parkeringsplassen) ... (Eigd av DNT Oslo og Omegn)
- Svartvassbu (Ubetjent turistforeningshytte; Romsdalen og Eikesdalen) Svartvassbu ligger midt mellom Grøvdalen (Isfjorden) og Meringdal (Eikesdalsvatnet). ...
- Vasstindbu (Ubetjent turistforeningshytte; Romsdalen og Eikesdalen) ...

DNT Oslo og Omegn er eigar av Snøheim (betjent) og Reinheim (sjølvbetjent), og presenterer hytta slik:

«*Reinheim turisthytte ble bygd av Den Norske Turistforening (DNT) i 1952 og ble overtatt av Forsvaret i forbindelse med utvikling av Hjerkinn skytefelt i 1959. Hytta skiftet da*

*navn til Snøheim. Høsten 2007 fikk DNT Oslo og Omegn tilbake Snøheim fra forsvaret. Hytta er nå bygget ut og satt i stand til en betjent turistforeningshytte med 80 senger. Vinterstengt.»*

I tilknyting til nyopning av Snøheim har NINA registrert eit årleg besøk på ca. 10.000. (NINA 2013). I tillegg kjem eit større tal foturistar frå Grønbakken og Kongsvoll inn i området Stroplsjødalen. Det pågår eit forsøk med skyttelbuss til Snøheim, og kartlegging av ferdsla i området. Eit eige forvaltingsregime for området vil bli etablert når forsøksperioden er over og arbeidet med verneplanen for Hjerkinn skytefelt er fullført.

TT marknadsfører ei sykkelrute frå Oppdal til Folldal. TT har desse hyttene:

[Dindalshytta](#) (Sjølvbetjent turisthytte) Dindalshytta ligger i bjørkeskogen i seterdalen opp fra Lønsetgrenda med utsikt opp mot de nordøstligste fjellene på Dovrefjellplatået.

[Orkelsjøhytta](#) (Ubetjent turisthytte) Hytta ligger i åpent fjellterrenge på setertunet Sjøsetra ved Orkelsjøen. Den kan brukes hele året. Om sommeren er nabosetra i drift (Utlån av DNT-nøkkel)

Fotturar er også den enkleste form for nærfriluftsliv, og planområdet har såleis stor verdi for innbyggjarane rundt om i dei 10 kommunane.

Inntrykket etter ei møterunde med kommunane i 2014 er at ferdsla har eit avgrensa omfang og skjer spreidd. Situasjonen rundt Hjerkinn – Kongsvoll – Snøhetta er spesiell, og problemstillingar og løysingar for dette området kan ikkje gjerast gjeldande for andre område.

### **Pilegrimsleden**

Pilegrimsleden er eit statleg initiert prosjekt med lokal forankring. Traseen for pilegrimsleden mellom Oslo og Trondheim går gjennom planområdet, t.d. langs Vårstigen i Drivdalen.

### **Skiturar**

Skiturar er også ein populær aktivitet, men har eit mindre omfang enn fotturane. I dei seinare åra har det vorte ein trend med fleire toppturar og frikøyring i brattlendte fjellområde.

### **Jakt og fiske**

Jakt og fiske er ein stor aktivitet i planområdet. Fellingskvotene for 2014 er 1580 i Snøhetta og 670 i Knutshø, og talet på jegerar vil då ligge i same storleiksorden. Elles er det jakt på småvilt – t.d. rype, og storvilt som elg, hjort og rådyr i planområdet.

Fiske skjer som sportsfiske og mataukfiske i elver og vatn.

Sett bort frå villreinjakt og den fyrste veka i rypejakta, er skjer ferdsla i tilknyting til jakt og fiske nokså spreidd i tid og rom.

### **Fjellklatring og basehopping**

Fjellklatring har ikkje noko stort omfang i planområdet, men det er enkelte attraktive klatreruter i Snøhettamassivet. Aktiviteten vil neppe få noko stor omfang då tilmarsjen er nokså lang.

Innanfor planområdet er det etablert eit utspringspunkt for basehopping i Eikesdalen. Aktiviteten krev spesielle ferdigheiter, og fokuset er på hoppinga. Dette gjev at ferdsla i tilknyting til basehopping neppe blir stor i planområdet.

Basehopping og fjellklatring er likevel ein viktig aktivitet i vestlege delar av planområdet.

### **Kiting**

Kiting er ein høvesvis ny aktivitet der utøvaren med ski på føtane let seg trekke av eit vindsegl (kite). Aktiviteten skjer gjerne i eit konsentrert område med fokus på å utføre ulike manøverar og triks. Likevel førekjem det at kite blir nytta på fleirdags-turar, t.d. under NM som samla mange deltakarar på Varangerhalvøya vinteren 2014.

### **Elvesport**

Elvesport blir utøvd med flåter (rafting), kajakk og brett. Aktiviteten skjer gjerne i vassdragsavsnitt med ei viss vassføring og eit visst fall. Enkelte strekningar i vassdraga kan då få stor ferdsel.

### **Sykling**

Sykling er ein friluftsaktivitet som har hatt stor vekst, både på veg og i terrenget. I planområdet er det eit omfattande vegnett som eignar seg godt for tursykling. Den tekniske utviklinga av terrengsyklane, og brukarane sine mål om sprengre grenser gjer at stadig nye område blir mål for terrnegsyklistane.

Innanfor planområdet finn ein fleire marknadsførte sykkelruter (ut.no):

- Savalen rundt
- Røldalen
- Alvdal til Savalen
- Setertur på sykkel Oppdal til Dindalen.
- Naustvika – Aursjøhytta (planlagd, ikkje avklart).

Elles er det i møte med kommunane opplyst at blir arbeidd med ei felles sykkelløype for Dovre og Folldal. Trondhjem Turistforening har ei marknadsført sykkelløype frå Oppdal til Folldal/Savalen.

### **Hundekøring**

Hundekøring er ein aktivitet som har fått auka fokus og omfang. Det etablerte miljø i Folldal, på Hjerkinn og i Oppdal. Hundekøring krev mykje tid og utstyr, og blir mest som ein eigen livsstil for utøvarene. Aktiviteten får derfor neppe mange utøvarar, men tilrettelagd som ervervsmessig turkøring kan enkelte område få stor aktivitet. Hundekøyringa let seg lett kanalisere til oppkøyrd løyper, men eit hundespann har likevel stor rekkevidde under gunstige vær- og føreforhold i fjellet.

### **Hest**

Hesten blir nytta til riding i privat og organisert samanheng. Med utgangspunkt i m.a. Hjerkinn og Folldal bruk av hest utvikla til ein kommersiell aktivitet med eit visst omfang.

### **Fuglehundprøver og -trening**

I områda rundt Hjerkinn og Kongsvoll har det vore drive fuglehundtrening og vorte arrangert fuglehundprøver i meir enn hundre år. Dovrefjell fuglehundklubb har eit eige treningsfelt ved Hjerkinn.

Fuglehundprøven på Dovrefjell har stor oppslutning. I april 2014 deltok ca. 400 (700 påmelde) på Dovrefjellrpøven. Prøvefeltene ligg spreidd i Lesja og Dovre (Hedmark og Oppland fuglehundklubb).. Eit anna stort arrangement er Sølvhundprøven/Norsk Derby for fuglehundar, som arrangeres om hausten ved Kongsvold Fjeldstue.

### **Tematisk friluftsliv**

Mange har interesse av å oppleve dyre- og plantelivet på nært hald. Dette kan vera målretta aktivitetar, eller som del av ein fottur eller skitur. I planområdet er det tilrettelagde opplegg for fugleturar og moskussafari. I tillegg har Norsk Villreinsenter informasjonsopplegg om villrein og fangstkultur. Lokalt er det etablert fleire natur- og kulturstigar, og det blir arbeidd med eit større informasjonsopplegg for fangstminne på Dovrefjell.

### **Kommersialisering**

Det er ein aukande marknad for kjøp av tilrettelagde og guida friluftsaktivitetar. Bakgrunnen kan vera manglande lokalkunnskap, utstyr og ferdigheiter, eller ynskje om å få nye erfaringar og ny kunnskap. Innanfor denne markanden finst det m.a. følgjande utbud:

- rideturar
- hundekøyring
- moskussafari
- rafting
- sykkelturleige
- overnattings-, serverings- og transporttenester.

Dei kommersielle aktørane har viktige kunnskapar om området, og kan vera viktige samarbeidspartar t.d. når det gjeld informasjon og kanalisering av ferdsel.

### **Innfallsportar og tilrettelegging**

Ein innfallsport er eit utgangspunkt som fleire/mange har som start på turen inn i eit område. Innfallsportane har ofte utvikla seg spontant i pakt med tida og bruken. Graden av tilrettelegging kan derfor variere, men innfallsporten er til vanleg ha:

- knyting til viktige samferdsleårer eller offentlege kommunikasjonar,
- ordna forhold for parkering og sanitære behov,
- relevant informasjon
- i mange tilfelle eit utbud av kommersielle tenester.

Den viktigaste innfallsporten i området er Hjerkinn og Snøheimvegen, og her pågår det ei utgreiing/planlegging m.t.p. framtidig form og funksjon. Andre viktige innfallsportar er Kongsvold, Litjdalen, Aursjøvegen, Savalen, Dalsida, Innerdalen, Grødal, Eikesdal, Dalsida og Fokstugu.

Innfallsportane har saman med det merka stignettet og overnattingsplassar ein kanaliserande effekt.

### **Samfunnsmessig verdi og konfliktar**

Det er ei «vedteken sanning» at friluftsliv er bra for mental og kroppsleg helse, er grunnlag for ei positiv personleg utvikling t.d. når det gjeld ferdigheiter og kunnskapar. Utøving av friluftsliv er og ofte ein sosial aktivitet.

Folk sine behov for friluftsbaserte opplevingar gjev grunnlag for næringsutvikling i fjellområda, slik det har gjort i rundt 150 år.

Friluftslivet i planområdet har såleis ein stor samfunnsmessig verdi.

## 10 Kulturminne og kulturmiljø


Kulturminne er definert i kulturminnelova: «*Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.*»

Kulturminne fra før 1537, bygninger og anlegg fra før 1649, og samiske kulturminne eldre enn 100 år er automatisk freda (kulturminnelova § 1). Andre verneverdige objekt kan vera freda etter kulturminnelova § 2 (vedtaksfreda). I tillegg er det mange kulturminne som er verneverdige eller har uavklart status.


SEFRAK står for «SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Norge). I SEFRAK er alle bygningar fra før 1900 registrert.

I plansamanheng er den fremste kjelda til kunnskap om kulturminna å finne i Riksantikvaren sin database Askeladden. Likevel er det ei stor mengd data, særleg frå fjellområda som ikkje er lagt inn i Askeladden. Ei grov analyse av eit uttrekk frå Askeladden viser at det innanfor planområdet er:


- 4829 registrerte kulturminne, av desse er 3910 automatisk freda. (Figur 6 og 7).
  - 2158 er arkeologiske enkeltminne, t.d. fangstgarv, buplass osb.
  - 2699 er arkeologiske lokalitetar med fleire enkeltminne.
- 7829 SEFRAK-registrerte bygningar. (Figur 8).
- 240 vedtaksfreda bygningar og anlegg (Figur 9).



Figur 6. Registrerte kulturminne (n=4827) i planområdet. (Frå Askeladden)



Figur 7. Automatisk freda kulturminne (n=3910) i planområdet. (Frå Askeladden)




Figur 8. SEFRAK-registrerte bygningar og anlegg (n=7299) i planområdet. (Frå Askeladden)

Oppdal

Bjarli

Hjerkinn



Figur 9. Vedtaksfreda kulturminne (n=240) i planområdet. (Frå Askeladden)

Registreringane i Askeladden viser at planområdet har store verdiar for kulturminnevernet. Villrein og fangstminne er eit sentralt tema i den regionale planen, men oversikta over kulturminne viser også at andre typer kulturminne er tungt representert, særleg er omfanget av verneverdige bygningar stort. I samtalar med kulturminnestyresemaktene.m.a. møte med Oppland fylkeskommune 12.05.14 er kulturminna sin verdi gjeve stor vekt i den regionale planen. Det er vist til følgjande viktige tema utanom fangstminna:

- Krigsminne
- Hjerkinn skytefelt
- Gamle vegfar
- Samiske kulturminne
- Sæterkultur
- Imaterielle kulturminne
- Myter og segner
- Dovrefjell som nasjonalt symbol.

## 11 Biologisk mangfold

Samarbeidsrådet for biologisk mangfold (SABIMA) gjev følgjande omtale av biologisk mangfold:  
«*Biologisk mangfold, også kalt biomangfold eller biodiversitet, er summen av artsmangfold, genetisk mangfold og økologisk mangfold i et område.*» SABIMA gjev ei nærmare omtale av biologisk mangfold slik:

«**Artsmanifold** er summen av alle arter eller den variasjonen av arter som fins i et område. Et vanlig brukt mål er tallet på arter. (...)

**Genetisk mangfold** vil si den genetiske variasjonen i arvematerialet innenfor en art – enten variasjon mellom populasjoner eller variasjon innenfor samme populasjon. (...)

**Økosystemmangfold** betegner variasjonen mellom ulike livsmiljøer (biotoper og økosystem) og deres økologiske prosesser. (...)»

SABIMA opplyser også følgjande:

*«I Norge har vitenskapen hittil beskrevet cirka 41 000 arter, og biologene regner med å finne ytterligere 14 000. Fra 2009 til 2013 ble det oppdaget 1165 nye arter i Norge, og en fjerdedel av disse er trolig aldri beskrevet tidligere.*


*På verdensbasis har vitenskapen beskrevet cirka 1,5 millioner arter, men det totale antallet arter antas å ligge langt høyere - en studie fra 2011 anslår 8,7 millioner.»*

Det vil derfor føre for lang å gje noko utfyllande omtale av det biologiske mangfaldet innanfor planområdet. Ein vanleg innfallsvinkel er då å sjå på omfanga av raudlista artar. Raudlista artar er artar går attende i tal eller er sjeldsynte. (SABIMA). Den norske raudlista vart sist revidert i 2010. Raudlista har følgjande kategoriar:

- Regionalt utdødd (RE)
- Kritisk truet (CR)
- Sterkt truet (EN)
- Sårbar (VU)
- Nær truet (NT)
- Datamangel (DD)

For å skaffe ein kvantitativ oversikt over raudlista artar i planområdet, er det gjort eit uttrekk av data frå Artkart. Artskart er ei landsdekkande kartteneste levert av Artsdatabanken. Det er teke følgjande atterhald om kvaliteten på tenesta:

«Tjenesten omfatter foreløpig bare 70 % av kjente norske arter og omfatter heller ikke alle data om hver enkelt art. Institusjonene har foreløpig ikke hatt kapasitet eller tilstrekkelig finansiering til å tilrettelegge og kvalitetssikre alle datasett i sine primærdatasbasar. For mange artsgrupper er derfor ikke dataene fullstendige hverken geografisk eller når det gjelder alle arter innen gruppene. Mange artsgrupper er ufullstendig kartlagt i Norge og mange områder i landet er ikke undersøkt like godt.» Artskart er likevel det beste datagrunnlaget ein har for å gje ein regional oversikt over truga artar. I figur 10 er det gjeve ein oversikt over truga artar i planområdet. Det totale talet på observasjonar av truga eller sårbare artar er 4028.



Figur 10. Observasjonar av raudlista artar i planområdet. Kritisk truga-n=158 (raudt kvadrat); sterkt truga-n=2312 (oransje kvadrat); Sårbar-n=1548 (gult kvadrat).

Ei ytterlagere av talmaterialet (jf. fig. 10) gjev ei slik fordeling av artar på dei ulike gruppene:

- Kritisk truga: 11 artar
- Sterkt truga: 52 artar
- Sårbar: 142 artar.

## 11.1 Villrein

Villreinen i planområdet har leveområde Snøhetta villreinområde og Knutshø villreinområde. I Snøhetta er det to delstammar: aust og vest. Miljøverndepartementet gav som føring for arbeidet med regional plan at det skulle utarbeidast ein oppdatert kunnskapsstatus for villreinen i planområdet. Dette er gjort i NINA-rapport 800 Villreinen i Snøhetta og Knutshø – status og leveområde, og vi bringer eit samandrag av rapporten. I figur 11 – 13 er det også teke inn nokre temakart frå rapporten. Kunnskapsstatusen er også presentert i eit eige kartvedlegg til rapporten der det er vist biologisk vurdert leveområdegrense, heilårsbeiter, sommarbeiter, kalvingsområde og trekkvegar.

### Samandrag – NINA-rapport 800

«(...)

*Snøhetta- og Knutshøområdet har tidligere vært en del av et større, sammenhengende villreinområde i Dovre-Rondane-regionen. I Knutshø har reinen en gunstig fordeling av årstidsbeiter og det meste av leveområdet er frodig og produktivt, siden det liggjer innen geologisk rike områder. Store fangstanlegg i grenseområdene mot Snøhetta, Rondane og Forollhogna, gir grunn til å tro at det tidligere har vært stor utveksling av dyr mellom disse områdene. I tillegg til villrei-nens allsidige områdebruk, som er resultat av at reinen har et "vandrende" levevis, vil også endringer i bestandstetheten og annen naturskapt påvirkning ha stor betydning for arealbru-ken. I Snøhettaområdet er fordelingen av årstidsbeiter mer ujevn enn i Knutshøområdet. Her utgjør vinterbeitet minimumsfaktoren, mens sommerbeitet har stor utbredelse og lang vekstse-song. Store fangstanlegg i grenseområdene mot Rondane og Knutshø gir klare indikasjoner på tidligere sesongtrekk over Dovreaksen.*

*Ulike tilnærmingar til en ytre avgrensing av villreinen sine leveområder har vært benyttet tidligere. Tellende areal er eksempel på en slik avgrensning. Etter forskrift om forvaltning av hjor-tevilt og bever skal villreinnemnda godkjenne alt snaufjell som tellende areal. Videre kan vill-reinnemnda også godkjenne skogområder som jevnlig er benyttet.*

*Den ytre biologiske grensa med tilhørende funksjonsområder i denne rapporten er inntegnet på grunnlag av informasjon fra stedfestede tellingsdata, stedfestede tilfeldige flokkobservasjoner, kommunale viltkart, erfaringeskunnskap fra området, fangstminner, beitekart og GPS-data. Denne grensa er det vi på nåværende kunnskapsgrunnlag kan skissere. Under arbeidet med rapporten har vi fått tilgang til så vel kvalitative som kvantitative data av et betydelig omfang. Kontinuerlig overvåkning av bestand og arealbruk, samt erfaringeskunnskap generert gjennom fjelloppsynet har også vært en styrke. Vi har derfor hatt et godt grunnlag for å drøfte og skisse-re reinens ulike årstidsbeiter.*

*Trekkmønster og forflytning i Knutshø er noe mindre markert enn det vi ser i Snøhetta. Dette er dels et resultat av rolig fjellandskap (topografiske forhold), avvekslende og rikt beite til alle årstider og korte avstander innen leveområdet som sådan. I Snøhetta har store deler av området variert og opprevet topografi, men områdene lengst i øst mot Dovreaksen har roligere land-former. Det er også her de største vinterbeiteressursene i området finnes.*

*Beitene er betinget av naturlige forhold som topografi, berggrunn og nedbør. Kalvingsområdet har i Snøhetta en sentral/nord-nordøstlig lokalisering, men dette har forflyttet seg sterkt over tid. De rene barmarksbeitene i Snøhettaområdet er i hovedsak koncentrert til de vestlige og nordvestlige områdene, og i Knutshøområdet til de østlige og nordøstlige delene av området. Helårsbeitene er i Snøhetta hovedsakelig koncentrert til de sentrale og østlige delene av området og i Knutshøområdet til de sentrale og vestlige delene av området. NINA Rapport 800*

*Aksen Dombås–Kongsvoll er godt dokumentert som et tidligere viktig trekkområde mellom Snøhettaområdet og Rondane/Knutshø. I dag er det trolig ingen utveksling av rein mellom disse områdene på grunn av trafikkårer og infrastruktur på strekningen. GPS-data tyder på at Hjerkinnhø kan være sentral med tanke på utveksling Snøhetta–Knutshø og at Fokstua-området er sentralt med tanke på utveksling mellom Rondane Nord og Snøhetta.*

*Områdene øst for Dovremassivene har en nøkkelfunksjon for bestanden i Snøhettaområdet, både som beiteområde (vinterbeite) og som vandringsrom når flokkene beveger seg rundt disse fjellmassivene. GPS-data viser som forventet stor tetthet av lokaliseringer i vinterhalvåret (november–mars). Plottene viser en avtagende tetthet mot Snøheimvegen (særlig de nedre deler) og mot de bebygde områdene og anleggene rundt Hjerkinn. Om våren og forsommelen er det relativt liten tetthet av dyrepositioner her, da fostringsflokkene på denne tiden er i Sunndals- og Oppdalsfjellene i kalvings- og oppvekstområdene. Fra juli-august av tiltar tettheten av GPS-posisjoner igjen i Hjerkinnområdet utover mot høsten og vinteren. Slik sett synes det som tiden seinvinter/vår/forsommer er de minst utsatte periodene for reinen her i dag (fostringsflokkene). Dette mønsteret kan imidlertid endre seg over tid, i forhold til reinens pulserende areal-bruk. Eksempler på dette ser vi både i vekselbruken av vinterbeiteområder og i kalvingsland. I forbindelse med turisttransport over aksen fra Hjerkinn/Kongsvoll mot Snøhetta er det viktig at en finner skånsomme løsninger for reinen, slik at vandringsrommet rundt Dovremassivene får fungere mest mulig optimalt.*

*Dalsida og Torbudalen er dalfører som skjærer seg diagonalt gjennom Snøhettaområdet og deler det i to. Dokumenterte kulturspor og annen informasjon viser at det tidligere har vært stor trekkaktivitet av rein over disse dalførene (særlig Dalsida). Etter omfattende vassdragsregulering, veg- og hyttebygging er viktige funksjonsområder og knutepunkt neddeleddet og bygget ned. Forvaltningen har i lang tid vært opptatt av å finne fram til avbøtende tiltak her. I løpet av 1980-åra har en klart å få etablert en livskraftig bestand i vestområdet igjen. Fostringsflokkene her har i en årrekke hatt årlige trekk over Aura vest for Aursjødammen og inn i Stordalsområdet. Disse er kjent som viktige trekkområder tidligere også, men knutepunktet mellom vest- og østområdet over Torbuhaugen har vært lite brukt. De siste åra har imidlertid GPS-data vist interessante utviklingstendenser i disse områdene. Det kan nå se ut som om reinen i større grad enn tidligere er i ferd med å bevege seg inn mot Torbuhaugen på senvinteren, og ta seg videre inn i de nordvestlige deler av østområdet. Det er grunn til å følge denne situasjonen nøyde i åra framover og se på disse trekkmulighetene framfor*


*alternativ plan om tiltak/kunstig tange ved Gås-bu. Det vil være viktig å unngå brøyting av Eikesdalsvegen tidligere enn dagens plan, for å unngå forstyrrelser i trekkperioden på vårvinteren i området vest for Aursjødammen. Det er viktig at disse to knutepunktene som her er nevnt blir sett i sammenheng.*

*Områdene rundt Snøfjelltjønnin utgjør en sårbar flaskehals for reinen når flokkene kommer vestfra og skal ut til vinterbeitene i Soløyfjellet/Gråurfjellet. Bruken av veg, hytter, turiststi og merka snøscooterløype er antatt å redusere reinens tilgjengelighet til dette tangeområdet. Samla sett viser både de GPS-merka dyras bruk av dette området, beitekart, habitatmodeller og tidligere observasjoner og tellinger at denne tangen er et potensielt viktig beiteområde for reinen. Soløyfjellet var regnet for å være et av de viktigste vinterbeiteområdene på 1980-tallet. Våre data her viser at konfliktpotensialet knyttet til villrein er størst gjennom senhøsten og vin-tersesongen.*

*Flere fokusområder i Knutshø innehar svært viktige kvaliteter, ikke minst som knutepunkt for reinens trekk mellom viktige funksjonsområder. Eksisterende vegnett genererer mye trafikk/ferdsel og forstyrrelser sentralt i reinens leveområde her. Vegtraseene er mye trafikkert i barmarksesongen og er påpekt som en barriere for reinens trekk og bevegelser. Foruten veg-trafikk i barmarksesongen er det også snøskutertrafikk langs vegtraseene i vintersesongen. Hver hytteenhet ved Orkelsjøen (67 hytter) har for eksempel dispensasjon for 10 turer i vinter-sesongen. Det vil være spesielt uheldig for reinen dersom det etableres vegforbindelse fra Hånbekksetra over til Setaldalen. Dette vil medføre at en får gjennomfartsveg gjennom NINA Rapport 800*

*Knutshøområdet og potensiale for en antatt betydelig økning i vegtrafikken her og tilhørende utfart. Dette gjelder også for en eventuell vegparsell Bekkelægret–Drotningdalen, som vil medføre at en får gjennomfartsveg gjennom Vinstradalen til Folldal. Tilsvarende gjelder også for området mellom Dølvadsetrene og strekningen mellom Storinnsjøen og Innerdalsmagasinet. Som eksempel på avbøtende tiltak vil det være gunstig å flytte parkeringsplassen ved Ryin lengre mot øst, da denne har en uheldig lokalisering i forhold til reintrekket her. Etablering av et strengt reguleringsregime i forhold til vegtrafikk under jakta og snøskutertrafikk om vinteren vil være gunstig i forhold til reinens bevegelsesmuligheter over vegparsellene beskrevet under fokusområdene i Knutshø. Villreinutvalget og nemnda bør være representert i en prosess hvor det utarbeides regler for trafikkregulerende tiltak.*


*(...))*




Figur 11. Kart over fokusområde. (Faksimile fra NINA-rapport nr 800)

Tabell 9. Fokusområde villrein – NINA-rapport nr 800, jf figur 11.


Nr	Fokusområde
1	E6 og jernbane over Dovrefjell
2	Torbuhaugen og Torbudalen
3	Aursjøen
4	Eikesdalen
5	Skytefeltet/Snøheimvegen/Stroplsjødalen
6	Overgangen mot Soløyfjellet
7	Leirsjøtelet
8	Bjorli
9	Sæterfjellet
10	Baklihaugen og Søre Dalsida
11	Grødalen
12	Dalholen – Einunndalen – Fundin sør
13	Orkelsjøen – Unndalen – Hånbeksketra
14	Elgsjøen – Veslvon
15	Innerdalen
16	Røldalen
17	Kakelldalen




Figur 12. Hovudtrekkmønster i Snøhettaområdet slik NINA ser det ut fra dagens kunnskap og vurdering. (Faksimile frå NINA-rapport nr. 800)



Figur 13. Geografisk fordeling av stadfesta flokkobservasjonar i vinterperioden. (Faksimile frå NINA-rapport nr. 800)




**Figur 14.** Geografisk fordeling av stadfesta flokkobservasjoner i barmarksperioden. (Faksimile frå NINA-rapport nr. 800)



**Figur 15.** Oversikt over alle GPS-merka dyr i områda ved Dovrefjellsakesen. (Faksimile frå NINA-rapport nr. 800)



**Figur 16.** Reinens rotasjonsbevegelse rundt de høgalpine fjellmassivene i Snøhetta, hvor beitetilgang, vindretning og topografi bidrar til en tydelig drenering av reinstrekket. (Faksimile fra NINA-rapport nr. 800)




**Figur 17.** Funksjonsområder i Snøhetta og Knutshø villreinområder basert på observert areal-bruk og annen erfaringeskunnskap.(Faksimile fra NINA-rapport nr. 800)

## 12 Verna vassdrag

Innafor planområdet er fleire nedbørsfelt verna gjennom verneplan vassdrag. Desse er:

- Rauma, Istra (supplering)
- Jora (supplering)
- Driva, Kongsvoll-Hjerkinn (verneplan III)
- Langvella (supplering)
- Visa (verneplan IV)



Figur 18. Grensene for dei ulike nedbørsfelta som er varig verna mot kraftutbygging..

Nedbørsfelta i figur 18 er varig verna mot kraftutbygging. Det gjeld rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag 8plan- og bygningslova), tilsvarende differensiert forvalting for verna vassdrag (vassressurslova). Føremålet med retningslinene er å hindre at verneverdiane som er sikra gjennom vern mot kraftutbygging, ikkje går tapt ved andre tiltak og inngrep.

## 13 Landskapet

Landskapet her i landet er delt inn i ulike regionar etter form og karakter. I figur 12 er det vist eit utsnitt av Skog og Landskap sitt kart over landskapsregionane, og tabell ... er dei same regionane vist med tilknyting hovudregioninndelinga for landet.

Figur 1 og tabell .... viser at planområdet har ein grov mosaikk av ulike landskapstypar. Dette er knytt til dei store landskapsromma. Landskapet kan brytast ned i mindre og mindre landskapsrom avhengig av perspektivet frå t.d. dalføre til gardstun eller bygater. I ein regional plan er det dei overordna landskapsromma som er av interesse, og for villreinen vil (jf. tabell ...) underregionane, og 16.12 vere dei viktigaste. Det er verd å nemne at landskapet sin karakter er endra i desse regionane gjennom ulike inngrep som vegbygging, kraftutbygging, kraftliner, gruvedrift og i nokon grad hyttebygging og infrastruktur for friluftslivet.

For underregionane 14.23, 15.26, 15.27 og 15.28 har det også skjedd ei stor endring etter at setringa har gått sterkt attende. Fjellskogen pregar no område som før i stor grad var eit ope kulturlandskap.

Tabell .... Oversikt over landskapsregioner i planområdet. (Etter Skog og Landskap)


Kode	Landskapsregion	Underregion
9.8	Østerdalene	Foldal
9.10		Nord-Østerdalen
11.16	Øvre dal- og fjellbygder i Buskerud og Oppland	Dovre -Lesja
14.23	Fjellskogen i Sør-Norge	Dalsida/Fokstugu
15.26	Lågfjellet i Sør-Norge	Isfjord/Eikesdalsfjellet
15.27		Aursjøen/Torbudalen
15.28		Store Orkelhøa
16.12	Høgfjellet i Sør-Norge	Dovrefjell
22.24	Midtre bygder på Vestlandet	Tresfjorden/Isfjorden
22.25		Romsdalsfjorden
23.19	Indre bygder på Vestlandet	Romsdalen
23.20		Eikesdalen
23.21		Øksendal/Sunndal
27.1	Dal- og fjellbygdene i Trøndelag	Oppdal




Figur 19. Oversikt over landskapsregionar i planområdet. Etter Skog og Landskap.

## 14 Drift av eksisterande anlegg for kraftproduksjon


Stor delar av nedbørsfeltet i planområdet er regulert og omfatta av kraftutbygging. Ein oversikt over kraftanlegga er vist i figur 12-14. Drift av kraftanlegga er styrt gjennom ulike offentleg gjevne konserjonar og løyper.



Figur 20. Regulerte nedbørsfelt og kraftanlegg i planområdet. (Frå NVE-Atlas)



Figur 21. Kraftdammar i planområdet. (Frå NVE-Atlas)



Figur 22. Kraftnett i planområdet. (Frå NVE-Atlas)


## 15 Småkraftverk

Planlegging og utbygging av småkraftverk i ulike kategoriar har skote fart dei siste 15-20 åra. Kommunane har laga samla planar for aktuelle prosjekt, og det er ikkje registrert mange aktuelle prosjekt i planområdet. Både i Sunndal, Nesset og Rauma kommune er det planar om småkraftverk innanfor planområdet.

## 16 Uttak av mineral og lausmassar


Etter møte med kommunane er det klarlagt at uttak av lausmassar i planområdet berre skjer som mindre uttak til lokale veg- og byggjeføremål.

I Oppdal er uttak av skifer storindustri, og i Kommuneplan for Oppdal er eit større område sett av til dette føremålet. (Jf. figur 16) Uttaksområdet berører leveområde for villrein. Uttak av skifer er skjer etter ein godkjend reguleringssplan med vesentleg mindre areal enn det som er avsett i kommuneplanen. (Jf. figur 17) Arealet i kommuneplanen er lagt der for å sikre ein framtidig tilgang til ressursen.



[http://webhotel2.gisline.no/gislineweblinsyn\\_oppdal/AdvancedPrintComponent/PrintForm...](http://webhotel2.gisline.no/gislineweblinsyn_oppdal/AdvancedPrintComponent/PrintForm...) 09.06.2014

**Figur23.** Utsnitt av Kommunedelplan for Oppdal



**Figur 24.** Utsnitt av Reguleringsplan for Drivdalen skiferområde.

Massettak av regional betydning er:

- Drihjellen og Hårstad i Sunndal
- Hanset i Nesset.

## 17 Samferdsel

Dei viktigaste vegtrafikkårene i planområdet er:

- E6 Dombås - Oppdal
- E 136 Dombås - Åndalsnes
- E70 Oppdal - Sunndalsøra
- E3 Alvdal - Innset
- FV29 Hjerkinn - Alvdal
- FV506 Innset
- FV62 Sunndalsøra - Eidsvåg
- FV660 Eidsvåg – Åfarnes
- FV64 Åfarnes - Åndalsnes

Av desse er det berre E6 som går gjennom planområde. Dei andre vegstrekningane ligg i plangrensa.

Elles er det eit nokså tett nett av kommunale og private vegar i planområdet, sjå figur 25. Her ser at vegtraseane skjer langt inn i fjelldalar og -område, m.a. i tilknyting til:


- Verma – Sandgrovbotn
- Eikesdalen – Torbudalen
- Dalsida
- Hjerkinn skytefelt
- Einnunndalen – Hånnåbekksetra – Orkelsjøen - Oppdal
- Kakelldalen
- Innerdalen – Innerdalsmagasinet - Kvikne

I planområdet er det to jernbanestrekningar:

- Dovrebanen: Dombås-Oppdal
- Raumabanen: Dombås-Åndalsnes.

Dovrebanen går tvert gjennom planområde, framved E6.

Langs veg og jernbane skjer større delen av transport av folk og varer m.m. Denne infrastrukturen har derfor avgjerande betydningi for den samfunnsmessige og økonomiske utviklinga så vel nasjonalt som regionalt og lokalt.



Figur 25. Skjematisk framstilling av vegnettet i planområdet. (Kjelde: geoNorgeN50).

## 18 Samfunnstryggleik

Samfunnstryggleiken blir ivareteke på eit overodna nivå i kommunal, regional og nasjonal samanheng ved å førebygge risikoen for og konsekvensane av større uønska hendingar som t.d. ulykker, naturkatastrofer osb. Til vanleg er den planmessige tilnærminga til dette å gjere ei risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Føremålet med den regionale planen gjer at det ikkje er tenlege å gjere her. Det blir derfor gjeve ei stutt omtale av ulike risiki på eit overordna regionalt nivå.

Når ulykker og naturkatastrofer skjer vil samfunnet v. naudetatane ha fullmakter til å gjere ekstraordinære innsatsar der ein prioriterer å redde liv, helse og verdiar – i nokon grad framfor andre samfunnsinteresser.

### Flaum

Fare for skadeflaum knyter seg til vassdraga i planområdet. Store oversvømmingar kan ein få i hovudvassdraga, t.d. Glomma, Gudbrandsdalslågen, Rauma og Driva. Mindre sidevassdrag kan også gje lokale skadeflommar. NVE har eigen prosjekt for kartlegging av flaumsoner. Fareområde m.m. er vist i nettportalen skrednett.no.

### Kvikkleireskred

I område under marin grense finn ein leiravsetningar som kan gje kvikkleireskred. Det skjer ei kartlegging av farlege område der ein må unngå bygging og tiltak i grunnen. Fareområde m.m. er vist i nettportalen skrednett.no.

### Lausmasseskred - steinsprang

Topografien i planområdet gjev fare for lausmasseskred og steinsprang i mange område. Aukande nedbørsmengder vil kunne gje større fare for skred. Fareområde m.m. er vist i nettportalen skrednett.no.

## **Snøskred**

Topografi, snømengder og vindforhold i planområdet gjev fare for ulike former for snøskred i mange område. Dette kan råke faste busettingar og anlegg og folk som ferdast ute i områda. Fareområde m.m. er vist i nettportalen skrednett.no.

## **Trafikkulykker**

Langs vegnettet er det ein kjend risiko for at større og mindre ulykker kan oppstå. Ulykkene kan medføre fare for liv og helse, materielle skader og utslepp til miljøet.

Langs jernbanen er det kjend at ulykkesrisikoen er mindre, men ulykker her kan få eit større omfang når dei fyrst skjer.

## Kjelder

Forberg, Sæbjørn. Finst det ein «fjellbygdidentitet»?. Tidsskriftet UTMARK, nr 2-2012.

Jordhøy, Per. m.fl. Villreinen i Snøhetta- og Knutshøområdet Status og leveområde. NINA-rapport 800, 2012.

Strand, Olav Strand m.fl. Horisont Snøhetta. NINA 2013

Artskart.no

geoNorge – Statens Kartverk si teneste for nedlasting av geodata og temadata.

Kilden (Kart frå Skog og Landskap)

NVE Atlas

UT.no